

Masfjorden kommune  
v/ skulefagleg ansvarleg

# TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med gjennomføring av  
kartleggingsprøver 1. – 4. trinn

Masfjorden kommune

## **Innhald**

|   |    |
|---|----|
| Samandrag .....   | 3  |
| 1. Innleiing .....  | 4  |
| 2. Om tilsynet med Masfjorden kommune.....                                      | 4  |
| 2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular .....                       | 4  |
| 2.2 Tema for tilsynet - gjennomføring av kartleggingsprøver 1. – 4. trinn ..... | 4  |
| 2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....  | 5  |
| 3. Påmelding og gjennomføring av kartleggingsprøver.....                        | 5  |
| 3.1 Rettsleg krav .....   | 5  |
| 3.2 Fylkesmannens undersøkingar .....   | 7  |
| 4. Skulen si oppfølging av kartleggingsprøvene og tidleg innsats.....           | 7  |
| 4.1 Rettsleg krav .....   | 7  |
| 4.2 Fylkesmannens undersøkingar .....   | 8  |
| 4.3 Fylkesmannens vurderingar.....  | 8  |
| 5. Skuleeigars ansvar for gjennomføring, oppfølging og kontroll.....            | 8  |
| 5.1 Rettslege krav .....  | 8  |
| 5.2 Fylkesmannens undersøkingar .....   | 8  |
| 5.3 Fylkesmannens vurderingar.....  | 8  |
| 5.4 Kommunens tilbakemelding etter førebels rapport .....                       | 9  |
| 6. Avslutning av tilsynet .....   | 9  |
| 8. Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget .....                                      | 11 |

## **Samandrag**

### **Tema og formål**

Tilsynet gjeld Masfjorden kommune si gjennomføring av kartleggingsprøver i 1. – 4. trinn, med merksemd på skuleeigar sitt ansvar knytt til påmelding til prøvene, fritak, gjennomføring av prøvene, skulen si oppfølging og tidleg innsats for elevar som er under bekymringsgrensa.

Formålet med tilsynet er å føre kontroll av kommunen si gjennomføring og oppfølging av dei nasjonale kartleggingsprøvene, jf. krava i forskrift til opplæringslova § 2-4 og opplæringslova § 1-4.

### **Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført som eit skriftleg tilsyn. Kommunen fekk frist til 30.april 2019 til å levere skriftleg dokumentasjon. Fylkesmannen tok imot denne 29. april 2019.

Fylkesmannen har på bakgrunn av denne dokumentasjonen vurdert om kommunen oppfyller lovkrava knytt til tema for tilsynet.

### **Avdekte regelbrot**

Tilsynet har avdekka eitt regelbrot.

### **Aktivitetar i tilsynet:**

|                 |   |
|-----------------|---|
| 13. mars 2019   | Varsel om tilsyn der vi bad om innsending av dokumentasjon. |
| 30. april 2019  | Frist for innsending av dokumentasjon.                      |
| 25. juni 2019   | Førebels tilsynsrapport.                                    |
| 10. august 2019 | Frist for retting   |
| 17. juli 2019   | Tilbakemelding frå kommunen på førebels rapport             |
| 19. august 2019 | Endeleg rapport   |

## **1. Innleiing**

Kartleggingsprøvene i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheter på 1.- 4. trinn, er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging. Det er viktig at desse elevane blir sett tidleg i løpet slik at dei kan få tilbod om den tilrettelegginga dei har krav på.

Kartleggingsprøvene er dermed også eit verktøy for å hindre at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet. Resultata frå prøvene gir berre informasjon om elevar som er rundt eller under ei definert bekymringsgrense.

Evalueringar av nasjonale prøver syner at det er ein samanheng mellom elevane sitt meistringsnivå på nasjonale prøver på 5. trinn og grunnleggjande ferdigheter vist på kartleggingsprøvene på 1. – 4. trinn.

Fylkesmannen opna 13. mars 2019 tilsyn med gjennomføring av kartleggingsprøver 1.– 4. trinn i Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune vart vald ut med bakgrunn i kommunen sin prosent elevar på lågaste meistringsnivå på nasjonale prøver på 5. trinn dei siste tre prøveperiodane. Det er derfor grunnlag for Fylkesmannen å føre tilsyn på kommunen si gjennomføring og oppfølging av kartleggingsprøvene på 1.– 4. trinn.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i forskrift til opplæringslova § 2-4 blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

## **2. Om tilsynet med Masfjorden kommune**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som skuleigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndighet og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som regelbrot, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsynet - gjennomføring av kartleggingsprøver 1. – 4. trinn**

Tema for tilsynet er gjennomføring av kartleggingsprøver, med fokus på skuleigar sitt ansvar knytt til påmelding til prøvene, fritak, gjennomføring av prøvene, skulen si oppfølging og tidleg innsats av elevar som er under bekymringsgrensa.

Temaet for tilsynet er delt inn i tre undertema:

- Påmelding og gjennomføring av kartleggingsprøvene, jf. forskrift til opplæringslova § 2-4.
- Skulen si oppfølging av kartleggingsprøvene og tidleg innsats, jf. opplæringslova § 1-4.
- Skuleeigars ansvar for at kartleggingsprøvene vert gjennomførde i tråd med retningslinjene, og at resultata vert følgde opp slik at elevar som hamnar under

bekymringsgrensa på prøvene, får nødvendig og tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-4.

Det er skuleeigar sitt ansvar at kartleggingsprøvene vert gjennomførde i tråd med retningslinjene. Skuleeigar skal også sjå til at resultata vert følgde opp og at elevar som kjem under bekymringsgrensa på kartleggingsprøvene får nødvendig og tilpassa oppfølging.

Formålet med tilsynet er primært å sjå om kommunen oppfyller krava i forskrift til opplæringslova § 2-4 og opplæringslova § 1-4.

Gjennom kontroll med oppfølginga av dei rettslege krava frå skuleigaren og skulane si side, skal eventuell regelstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

## **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Masfjorden kommune vart opna gjennom brev 13. mars 2019. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon. Sjå vedlegg.

## **3. Påmelding og gjennomføring av kartleggingsprøver**

### **3.1 Rettsleg krav**

*Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda* er regulert av forskrift til opplæringslova kapittel 2. § 2-4 og omtaler spesifikt *prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar*.

Elevar skal delta i prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsette av departementet. Skuleigaren skal sørge for at dette blir gjennomført.

Reglane i forskrifta er gitt med heimel i opplæringslova (oppl.) § 14-4.

Kartleggingsprøvene i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheter på 1.-4. trinn, er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging. Det er viktig at desse elevane blir sett tidleg i løpet slik at dei kan få tilbod om den tilrettelegginga dei har krav på.

Kartleggingsprøvene er dermed også eit verktøy for å hindre at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet.

Kartleggingsprøvene skal vere ein del av skuleeigar sitt kvalitetsvurderingssystem. I tillegg skal prøveresultata bidra til å styrke skulen og lærarane sitt arbeid med undervegsvurdering.

Målsetjinga til lovgivaren er at flest mogleg elevar skal delta i kartleggingsprøver. Dette går fram av ordlyden i forskrifta § 2-4, i forarbeida og i formålsvurderingane.

## **Påmelding av elevar**

Det går fram av forskrift til oppl. § 2-4 første ledd at elevar skal delta i prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsette av departementet. Kartleggingsprøvene er ei av desse. Det er skuleeigaren som skal syte for at prøvene blir gjennomførte.

Skulen har både ei plikt til å gjennomføre prøvene og ei plikt til å syte for at elevane deltek. Denne plikta inneber også at skulen gir informasjon til elevar/føresette om prøvene.

Prøvene i lesing på 1., 2. og 3. trinn og prøven i rekning på 2. trinn er obligatoriske for alle elevane. Rekning på 1. og 3. trinn, engelsk 3. trinn og digitale ferdigheter på 4. trinn, er frivillige. Kva eventuelle frivillige prøve skulen har valt å gjennomføre, er viktig å informere om.

## **Fråvær og høve til ny deltaking**

Skulen skal syte for å handheve den plikta eleven har til å delta i kartleggingsprøver, jf. forskrifta § 2-4 første ledd. Det finst likevel legitime grunnar til fråvær på prøvedagen (for eksempel sjukdom). Skulen må derfor leggje til rette for at fråverande elevar kan ta prøva igjen, for å sikre at alle elevane har hatt tilstrekkeleg moglegheit til å delta på prøvene.

## **Vilkår for fritak**

Elevane på dei aktuelle trinna har både rett og plikt til å delta i kartleggingsprøver. Kartleggingsprøvene i lesing på 1., 2. og 3. trinn og rekning 2. trinn er obligatoriske for alle elevar. Moglegheita til fritak er difor avgrensa. Dersom skulen har bestemt at dei skal gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, er prøva obligatorisk for alle elevane på det aktuelle trinnet. Då gjeld dei same moglegheitene til fritak som for obligatoriske prøver

Regelverket opnar for at skulen i visse tilfelle kan gi elevar fritak frå plikta til å delta i prøva, jf. forskrifta § 2-4 andre ledd.

Det er to grupper elevar rektor kan vurdere å frita frå kartleggingsprøvene. Det gjeld elevar som har

- Enkeltvedtak om rett til spesialundervisning
- Enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring for språklege minoritetar

Når eitt eller begge vilkåra er oppfylte, er det opp til skulens skjønn å vurdere om skulen ønskjer å frita eleven eller ikkje. Elevar med enkeltvedtak skal ikkje automatisk få fritak frå kartleggingsprøvene. Rektor skal i samråd med læraren til eleven gjere ei særskilt og individuell vurdering av om resultata til elevane med enkeltvedtak kan vere nyttig i læraren si tilrettelegging av opplæringa.

Avgjerda om fritak frå kartleggingsprøver er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Dersom føresette ber om fritak, og skulen eventuelt er usamd, så er det også eit enkeltvedtak.

### **3.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannen har bedt om oversyn over tal påmelde elevar og halde det sammen med det totale elevtalet på trinnet. Dette gjeld alle trinn der det er gjennomført kartleggingsprøver. Vi har også bedt om oversyn over tal elevar som er fritekne frå prøvene.

### **3.3 Fylkesmannens vurderingar**

I vår vurdering har vi sett på om kommunen har meldt på alle elevane og kor mange som har fått fritak etter enkeltvedtak. Masfjorden kommune har gjennomført dei obligatoriske prøvene. Ein skule har gjennomført den frivillige prøven i digitale ferdigheter på 4. trinn. Kommunen har rapportert på tal elevar som er påmelde og elevar som er fitekne frå prøvene. Det går fram av kommunen sitt innsende svarskjema at det er gjort enkeltvedtak for dei elevane som er fitekne.

### **3.4 Fylkesmannens konklusjon**

Tala som er rapportert på oppmelding og gjennomføring av prøvene, samsvarar med tala som kommunen har registrert i GSI<sup>1</sup> pr. 1. oktober 2018. Kommunen sin dokumentasjon syner at kommunen oppfyller krava i regelverket på elevane si deltaking i, og skulen si gjennomføring av kartleggingsprøvene.

## **4. Skulen si oppfølging av kartleggingsprøvene og tidleg innsats**

### **4.1 Rettsleg krav**

Opplæringslova § 1- 4 gir føringer for oppfølginga av elevane. På 1. til 4. årstrinn skal skulen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Etter gjennomføringa skal resultata av prøvene brukast til å:

- følgje opp elevar som har resultat under, på eller nær bekymringsgrensa
- vurdere om skulen sine metodar og rutinar er gode nok for å fange opp dei svake elevane tidleg nok
- jobbe for at det er færre elevar ein er bekymra for neste år, både på same trinnet og også dei andre trinna
- informere foreldra til elevane som er under bekymringsgrensa om resultatet, og kva skulen har planlagt for at eleven skal bli betre

Skuleleiarane har det overordna ansvaret for at dette skjer.

---

<sup>1</sup> Grunnskolens Informasjonssystem, Utdanningsdirektoratet

## **4.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Tilsynet skal undersøke korleis kommunen gir føresette informasjon i forkant av gjennomføringa av kartleggingsprøvene, tilbakemeldingar om resultata frå prøvene, korleis skulen nyttar resultata frå prøvene og kva oppfølgingstiltak som vert sett i verk.

Fylkesmannen har bedt om opplysningar om korleis foreldre får tilbakemelding om resultata frå kartleggingsprøvene og korleis skulane nyttar resultata i form av oppfølgingstiltak og tidleg innsats.

## **4.3 Fylkesmannens vurderingar**

Ut frå svara kommunen gir, får føresette tilbakemeldingar frå kontaktlærar om resultata på utviklingssamtalar, i halvårsvurdering. Det vert gjeve skriftleg informasjon om bekymringsgrensa og kor den aktuelle eleven ligg og kva tiltak som er aktuelle.

Lærarane kartlegg nærare kva den einskilde eleven har vanskar med og jobbar med det individuelt, eventuelt saman med andre elevar med same utfordringar. Det vert sett i gang t.d. lesekurs og oppmelding til PPT kan også vere eit tiltak om in finn det aktuelt.

## **4.4 Fylkesmannens konklusjon**

Rapporten frå kommunen syner at skulen har rutinar for informasjon og tilbakemelding til føresette. Fylkesmannen vurderer at kommunen og skulen sin informasjon til føresette er i tråd med det Utdanningsdirektoratet har gitt ut i høve informasjon om prøvene, jf. rettleiaren på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Prøvene vert følgt opp i etterkant med tiltak retta mot einskildelevar, og resultata fører til konkrete tiltak for elevar under bekymringsgrensa og endringar i rutinar. Det er uklart i kommunen si tilbakemelding om desse prosedyrane gjeld alle skulane eller berre Sandnes skule.

# **5. Skuleeigars ansvar for gjennomføring, oppfølging og kontroll**

## **5.1 Rettslege krav**

Opplæringslova § 1-4 gir føringar for skuleeigar si oppfølginga av elevane. På 1.- 4. trinn skal skulen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Etter § 13-10 andre ledd, har kommunen og skuleeigaren ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.

## **5.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannen har gjennom svarskjema bedt om informasjon om korleis skuleeigar tek ansvar for at kartleggingsprøvene vert gjennomførde i tråd med retningslinjene og korleis dei sikrar at §1-4 i opplæringslova vert følgt opp ved at elevar som står i fare for å bli hengande etter, får eigna intensiv opplæring.

## **5.3 Fylkesmannens vurderingar**

Rapporten frå kommunen syner at skuleeigar etterspør resultat og kva system skulane har for oppfølging av resultata gjennom systemiske rektormøte.

I rapporten frå kommune går det fram at det er ulike rutinar for oppfølging på ei ulike skulane i kommunen. Frå neste periode med kartleggingsprøver vil skuleeigar syte for ei eins gjennomføring, som er i tråd med dei prosedyrane som Sandnes skule har.

Fylkesmann vurderer at dette er formålstenlege tiltak, men kommunen har på tidspunktet for gjennomføring av tilsynet, ikkje eit godt nok forsvarleg system for oppfølging som sikrar alle elevane sin rettar i samsvar med føringane i opplæringslova § 1-4.

#### **5.4 Kommunens tilbakemelding etter førebels rapport**

Masfjorden kommune har over tid hatt stor del elevar på meistringsnivå 1 på nasjonale prøver 5. trinn. Fylkesmannen si etterspørjinga av tal elevar under bekymringsgrensa på dei gjennomførde kartleggingsprøvene, syner at det er ein høvesvis stor del elevar som treng intensiv opplæring for at forventa progresjon blir nådd.

Rapporten frå kommunen syner at den er i arbeid med å endre til felles rutinar for gjennomføring og oppfølging av kartleggingsprøvene, men kommunen har ikkje dokumentert eins prosedyre for gjennomføring av kartleggingsprøvene i kommunen.

Kommunen har difor ikkje dokumentert eit godt nok forsvarleg system for oppfølging som sikrar elevane sin rettar i samsvar med føringane i opplæringslova § 1-4.

I førebels rapport fekk Masfjorden kommune følgjande varsel om pålegg:

*Masfjorden kommune skal syte for å ha eit forsvarleg system for oppfølging av resultata frå kartleggingsprøvene på 1. – 4. trinn, og som sikrar elevane sin rett til tidleg innsats i samsvar med føringane i opplæringslova § 1-4 og rutinar for oppfølging som er i tråd med retningslinjene frå Utdanningsdirektoratet.*

Kommunens tilbakemelding etter førebels rapport.

I tilbakemeldinga frå kommunen av 17. juli 2019, er det gjort greie for kva rutinar som skal innførast gjennom, ein handlingsplan med oversyn over verktøy/prosedyrar for gjennomføring og oppfølging av kartleggingsprøvene.

Prosedyrane inneholder tiltak og ansvar for gjennomføring. Det går m.a. på årshjul, førebuing av prøvane, informasjon til føresette, fritak, fråvær, retting av prøvane, vurdering og oppfølging av resultat.

Aktuelle tiltak for elevar som ligg på eller under kritisk grense, melding til heimane og dokumentasjon av gjennomføring og tiltak med avsluttande rapportering til skuleeigar.

#### **6. Avslutning av tilsynet**

Fylkesmannen finn at innsendt rutineomtale syner at Masfjorden kommune vil ha eit forsvarleg system for oppfølging som sikrar elevane sine rettar i samsvar med §1-4 i opplæringslova.

På bakgrunn av kommunens tilbakemelding og dokumentasjon etter førebels rapport vert det ikkje gjeve vidare varsel om pålegg.

Tilsynet vert avslutta med denne rapporten.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

26. august 2019

Karstein Fardal  
tilsynsførar

## **8. Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget**

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Utfylt spørjeskjema
- Kommunen sine utfyllende svar på oppsette spørsmål